

Saksbehandlar: Knut Åland
Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 11/852-1

Tilskot til Fartøyvern 2011

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 100 000 til fartøyvern for 2011.
Budsjettdekning ansvar 1500 181 utviklingsmidlar.
2. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med forventa tilskot på kr. 100 000 frå Riksantikvaren, vert fordelt slik i 2011:

1	M/S Stangfjord	Kr 100 000
2	D/S Stavenes	Kr 100 000
	Sum	Kr 200 000

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

1. Søknader

1. BAKGRUNN

Sogn og Fjordane Fylkeskommune slutta seg i 2002 til vedtaket i SAVOS-rådet av 27.10.2000 og til vedtaket i SAVOS si faggruppe for kultur av 10.10.2000 om fartøyvernplan for SAVOS-området (samarbeidsorgan for Vestlandsfylka og Agder).

I planen vart det gjort framlegg om ei ordning over ein fem års periode, der det fylkeskommunale tilskotet vil utløyse tilsvarende tilskot frå Riksantikvaren sine midlar til fartøyvernet (dvs ei 50/50-ordning), jmf. HK-sak 0011/02. Avtalen gjekk formelt sett ut i 2005, men vart lagt til grunn ved fordelinga av midlar til fartøyvern både i 2009 og 2010. Signala frå Riksantikvaren går ut på at dei vil følge opp ”SAVOS-ordninga” også i 2011. Totalt vil Sogn og Fjordane komme ut med ei tildeling på rundt 4.3 millionar kroner til fartøyvern for 2011.

Gjennom det no pågåande arbeidet med ei ny ”Nasjonal verneplan for fartøy” kan vi ikkje sjå vekk frå at ein større del av ansvaret for fartøyvernet kan verte lagt til eit regionalt nivå. Jf. St.meld.nr 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru - Om distrikts- og regionalpolitikken*, der måle er å delegere meir ansvar til regionalt nivå. Riksantikvaren ser ein tendens til at enkelte fylker no aukar tildelinga over SAVOS- ordninga for å komme i posisjon i forhold til nye tildelingar.

Riksantikvaren, som har 42 mill kroner til fartøyvern på landsbasis, har på bakgrunn av innkomne søknader, for 2011 gitt førehandstilsegn om tilskot til enkeltfartøy frå Sogn og Fjordane:

M/S Haugefisk	kr	70 000
M/S Stangfjord	kr	500 000
M/B Arnafjord	kr	1 100 000

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare følgd opp denne ordninga med ei årleg løyving. Saman med midlar frå Riksantikvaren gav dette ei samla løyving i 2010 på kr 200.000 til fartøyvernet her i fylket. Ut i frå stramme budsjetttrammer, og ut frå at Riksantikvaren løyver relativt store summar til arbeidet med fartøyvern i fylket, går fylkesdirektøren inn for ei tilsvarende løyving frå fylkeskommunen i år som i 2010.

Kulturavdelinga har for 2011 motteke følgjande søknader om tilskot.

Galeasen Svanhild Stiftinga Svanhild	Søknad kr 400 000	Tilbakeføring rigg, dekkarbeid og lugar.
M/S Atløy A/L Atløy	Søknad kr 500 000	Salong framme, hudplater maskinrom, spant, kneplater, pullert på fordekk.
M/S Stangfjord Askvoll kommune	Søknad kr 300 000	Restaureringsarbeid
M/S Haugefisk Kystmuseet i Sogn og Fj.	Søknad kr 300 000	Hovudmotor, hjelpemotor, ventilasjon, eksosrøyr, elektrisk installasjon.
D/S Stavenes Veteranskiblaget Stavenes	Søknad kr 400 000	Stålarbeid, monteringsarbeid, bygging av livbåt, legging av tredekk.
Sekskeipinga Knut Over stokk og stein	Søknad kr 25 000	Nytt segl og kurs for interesserte i regionen, helst ungdom.

2. OMTALE AV SØKNADANE

Galeasen "Svanhild" har no gått inn i sin nye svære som restaurert seglskute. I 2006 starta skuta forsiktig med sin fyrste driftssesong. Galeasen er svært autentisk restaurert og framstår no som eit fartøy anno 1889 (rigg1925). Bruk av båten forårsakar likevel stor slitasje på segla. Det er no naudsynt å få sydd nye segl, om båten i framtida skal vere seglførande. Dette er ein del av tiltaka som gjerast i tillegg til anna nødvendig arbeid på riggen. Med hjelp av gåver og dugnad har "Svanhild" no fått ny innreing i lasterommet. Dette gjer det mogeleg å reise på lenger tokt og ta med fleire medseglarar. I 2008 deltok "Svanhild" på Tall Ships Races, som gjekk frå Liverpool til Måløy. Det å vidareutvikle den drifta som no er starta, er svært viktig for "Svanhild" sitt nye liv som ei driveverdig ferdigrestaurert skute. Vanskane no, er å skaffe skipper som har seglkompetanse.

M/S "Atløy" er rekna for å vere eit av landets best bevarte og restaurerte veteranskip. Atløy har hatt det meste av tenestetida si i Sogn og Fjordane fylke, som ein av Fylkesbåtane sine rutebåtar. Atløy fekk i fjor midlar frå Riksantikvaren til restaurering av skroget. Arbeidet vart utført ved Dåfjorden Slipp A/S. Ein stor del av restaureringsarbeidet på "Atløy" er gjort på dugnad, utan denne dugnadsinnsatsen ville ikkje båten kunne syne til eit så godt nivå på vedlikehaldsarbeidet. Det er framleis ein del arbeid som skal utførast på båten. No står arbeidet med salongen framme for tur, der salongsetene må tilpassast skutesida og trekkast opp att. Det er avtalt å få utførast dette arbeidet ved Hardanger Fartøyvernsenter. Båten er i god drift og må seiast å nærme seg ferdig restaurert.

M/S Haugefisk er ein av dei siste førstegenerasjon autolinebåtar. Haugefisk er eit pionerprosjekt. I 2006 gav Riksantikvaren båten status som verneverdig skip. Ingen har tidlegare prøvd å verne eit moderne havgåande fiskefartøy. Ein stor del av verdiane i vårt distrikt er bygt opp på denne flåtegruppa og det er knytt eit sterkt lokalt engasjement og lokal identitet til den nære fiskerihistoria vår. Riksantikvaren peikar på at havfiskeflåten generelt er svært dårleg representert i vernesamanheng. Det er difor viktig å signalisere at også representantar for den nyare tids flytande kulturminne bør ivaretaast for dokumentasjon og formidling av vår nære kysthistorie. For å få båten klassifisert må det gjerast ein del naudsynte tiltak. Dette er oppgradering av hovudmotor, hjelpemotor, eksosanlegg, ventilasjonsanlegg og elektrisk anlegg.

D/S "Stavenes" representerer den maritime kulturhistoria i Sogn. I ei periode tidleg på 1900-talet var D/S "Stavenes" i drift som isbrytar og rutebåt på Nærøyfjorden. "Stavenes" har status som verneverdig skip. Plana er å restaurere "Stavenes" tilbake til slik den var etter ombygging i 1934 då den gjekk som det fyrste bilførande fartøy på Sognefjorden. Med Nærøyfjorden på UNESCO si liste over verdsarven, er det naturleg å sjå på "Stavenes" som ein representant for fjordbåtane og fjordkulturen. Fjord 1 Fylkesbåtane har signalisert at dei gjerne ser eit samarbeid med "Stavenes", når den er klar for bruk. Det er no lagt ei detaljert framdriftsplan for restaurering av DS Stavenes av Odd Magne Stikholmen. Restaureringsarbeidet er no inne i ein meir aktiv fase. Stavenes deltok på det store veteranshipsstevnet "Fjordstim" i Florø første helga i august. Det vert no lagt eit stort arbeid i å gjere båten klar for dampmaskin.

M/S Stangfjord er godkjent som verneverdig skip av Riksantikvaren. Fartøyvernplan for SAVOS har svært god omtale av båten. Fram til august 2008 stod "M/S Stangfjord" under tak ved Jensbua i Fjaler. Båten er no flytta til Hardanger Fartøyvernsenter i Nordheimsund og er under restaurering. Båten er no omtrent ferdig huda og det ville skape vanskar om restaureringsarbeidet no måtte stoppe. "M/S Stongfjord" er ein viktig del av industrihistoria i Stongfjorden.

Sekskeipingen Knut, er ein sekskeiping frå Sundfjord på 9,2 meter. Båten er ein av to duplikat som er bygd etter den originale sekskeipingen Knut. Båten er ein open båt, og kan dermed ikkje reknast som fartøy. Den er heller ikkje på Riksantikvaren sin liste over

verneverdige fartøy. Slik ordninga med tilskot til fartøyvern er utforma, er det ikkje rom for å gje tilskot til opne båtar.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Fartøyvernet i Noreg er i utgangspunktet tenkt for å sikre og bevare *flytande kulturminne*. ”Vern gjennom bruk” er den verneideologien som også her blir forstått som den beste. Formelt sett er det staten gjennom Riksantikvaren som har eit definert ansvar for fartøyvernet.

Fartøyvern er eit langsiktig og kostnadskrevjande arbeid som er heilt avhengig av entusiastane og den frivillige dugnadsinnsatsen. Bidraget frå det offentlege vil vere ei oppmuntring og hjelp i arbeidet. Det er likevel slik at om ein skal få til ei framdrift som monnar, er det også naudsynt å arbeide for å få inn t.d. private sponsormidlar.

Galeasen Svanhild og M/S Atløy har vore dei høgast prioritert fartøy gjennom mange år. Desse fartøya er no i rimeleg bra stand, og kan fungere i driftssamanheng. Det er likevel slik at også desse vil ha trong for årlege bidrag til vedlikehaldet.

M/S Haugefisk fekk status som verneverdig skip i 2006. Båten har så langt fått midlar både frå fylkeskommunen, Fiskeri- og kystdepartementet og Riksantikvaren. Også her vil det vere trong for midlar til restaurering og vedlikehald framover.

Vi har i tillegg gitt tilskot til M/S Stangfjord over fleire år. Restaureringsarbeidet på M/S Stangfjord er starta opp og i full drift. Vi ser det som viktig å prioritere dette fartøyet i ein slik grad at restaureringsarbeidet kan gå framover på ein fornuftig måte.

Arbeidet med restauringa av D/S ”Stavenes” har komme inn i nytt spor. Det er eit omfattande arbeid som må til her. Når arbeidet etter kvart kjem så langt at dampkjele og maskin er ferdig montert, kjem denne båten inn i ei ny fase der båten kan flyttast for eiga maskin

Sekskeipingen Knut, er ein open båt og kan av den grunn ikkje få tildelt tilskot til fartøyvern slik ordninga no er utforma.

Det er viktig å fullføre restaureringsprosjekt som er starta opp, og som er blitt tilgodesett med tilskot dei siste åra. Det er stort press på budsjettmidlane, og trong for å prioritere strengt framover. Fylkesdirektøren har tidlegare signalisert at det trengst ei nøye vurdering av nivået på tilskot til fartøyvern framover. I tråd med dette vart tilskotet for 2009 og 2010 lagt på eit lægre nivå enn tidlegare år, dette legg vi og til grunn ved årets tildeling der vi tilrår tilskot berre til to av fartøya. Fylkesdirektøren ser heller ikkje noko grunn for å opne opp for å tildele tilskot til nye fartøy før pågåande restaureringsarbeid i større grad er ferdigstilt.

Fylkesdirektøren rår til at sum tilskot frå fylkeskommunen for 2011, vert sett til kr. 100 000, med budsjettdekning over utviklingsmidlane. Fartøyvern er ein viktig del av det samla kulturminnevernet. Fylkesdirektøren føreset at Riksantikvaren stiller til rådvelde kr. 100 000, slik at samla tilskot til fartøyvern i Sogn og Fjordane for 2011 utgjør kr. 200 000.

Målet for fartøya er at dei skal kunne ferdigstille restaureringsarbeidet og langt på veg vere i stand til å drifte båten med eiga inntening når restauringa er ferdig.

4. KONKLUSJON

Fylkesdirektøren gjer framlegg om fordeling av tilskota til fartøyvernet i fylket for 2011, slik det kjem til uttrykk i tabellen under. Tabellen viser innkomne søknader, kva tilskot dei enkelte søkjarane fekk i 2010 og forslag til fordeling av tilskotet i 2011.

	Fartøy etter prioritert liste:	Søknad 2011	<i>Tilskot 2010</i>	Tilskot 2011
1	M/S Stangfjord	300 000	<i>100 000</i>	100 000
2	M/S Atløy	500 000	<i>0</i>	0
3	Galeasen Svanhild	400 000	<i>0</i>	0
4	Autolinebåten ”Haugefisk	300 000	<i>0</i>	0
5	D/S Stavenes	400 000	<i>100 000</i>	100 000
6	Sekskeipingen Knut	25 000	<i>0</i>	0
	Sum	1 925 000	<i>200 000</i>	200 000